

Lindås Kommune,

Knarvik, 20.10.2019

Byggjesak,

5914 ISDALSTØ.

**Klage på forslag om fritak frå nabovarsel og søknad om endring av innsendt rammesøknad frå utbyggjar av Kvassnesvegen 32 AS, Gnr/bnr. 188/66.**

Viser til søknad om endring av innsendt rammesøknad frå utbyggjar av Kvassnesvegen 32 AS datert 27.06.19.

Ber med dette om at Lindås Kommune seier nei til denne søknaden både pga. at byggjehøyden fortsatt er over bestemmelsene i reguleringsplanen og at utbyggjar ber om fritak frå nabovarsel pga. *"at tiltaket ikkje berører naboer og gjenboers interesse"*. Her må utbyggjar følgja det som står i reguleringsplanen med at byggjehøgda vert trappa ned til 3 etasjar mot eksisterande einebustadar.

Dette vil eg sterkt avisa. Dette berører oss på det sterkaste, ikkje berre oss som bur på gbnr. 188/501 men og for våre naboar som bur i området.

Byggherre viser til at prosjektet no er tilpassa regulerings bestemmelsene i forhold til etasje antall slik kommunen tolker dette. Her har kommunen tolka det på ein annan måte i brev til fylkesmannen datert 18.06.19. Kommunen uttaler at i dette prosjektet på eigedommen gbnr.188/66 har alle bygg utanom bygg B avvik på høgdefastsetjing gitt i føresegn 1.4.

Viser til Områdeplan for Knarvik som seier i planomtalen på side 5 og 6.

*"Mot Kvassnesstemma og eksisterande einebustader er byggehøgda trappa ned til 3 etasjar"*.

Vidare i områdeplanen sin illustrasjonsplan pkt. 7.4 viser berre utbygging mot nord og vest og ikkje mot øst, altså mot GDF3 og eksisterande einebustadar. På side 40 i områdeplanen er det og uttrykt i tekst under BS17 og BS18.

*"GF3 skal vera eit allment tilgjengeleg punkt med utsikt over Kvassnesstemma og landskapet omkring" står det i pkt. 7.10.2.*

Dette punktet vil mista all utsikt mot vest med desse planane for utbygging. Blokk D og E vil verta 5 meter høgare enn mønehøgda hos oss på gbnr. 188/501 og 8,5 meter over dagens høgde på GDF3. Dette kan jo ikkje vera intensjonen til Lindås Kommune med ein slik dominerande vegg mot eksisterande bebyggelse som vart etablert i 1986-87. Det går ut over både utsikt og solforhold spesielt for oss på gbnr. 188/501, men og for fleire andre naboar.

Mvh

Ingar Hopland